

NOTAT - Breiflabb nord for Stad

Innspel til Reguleringsmøte, Fiskeridirektoratet 4. juni 2015.

ICES har ikkje blitt bedt om å gje forvaltingsråd for breiflabb nord for Stad (ICES område I og II), men har bedt forskarar i Arctic Fisheries WG om å samle data og informere om denne breiflabbressursen.

Noko av denne informasjon er vist i tabell og figurar nedanfor. Landingane stupar nord for Stad, og har blitt meir enn halvert på to år (Tabell 1 og Figur 1). Også sør for Stad har landingane minka i løpet av dei siste fem åra.

Nord for Stad meiner forskarane at breiflabb ressursen er avhengig av rekruttering sørfrå. Figur 2 viser at vi truleg fekk siste rekrutteringspuls til området i byrjinga av 2000-talet, og at breiflabben sidan gradvis har blitt større og større. Vi legg då til grunn at maskevidda/seleksjonen i garna ikkje har blitt endra.

Landingane har som nemt blitt meir enn halvert på kort tid- det samsvarar med halvering i fiskeinnsatsen (Fig 3 og 4). Fangstratene har i løpet av dei fem siste åra gått ned med 25-30%, og fiskarar sluttar å fiske pga for lave fangstrater.

I denne omgang vil vi berre vise dette for Fiskeridirektoratet som må vurdere om reguleringstiltak bør innførast i fiskeria. ICES Arctic Fisheries WG føresler ei 20% innstramming av gjeldande reguleringar.

Det kan stillast spørsmål ved om ein uansett klarer å stoppe vidare nedgang i breiflabb ressursen nord for Stad med ei slik innstramming sidan nedgangen vil fortsetje heilt til neste rekrutteringspuls kjem inn. Sjølv om vi meiner at breiflabben nord for Stad ikkje gyt/rekrutterer nok til å oppretthalde ein høg populasjon i dette området, så tyder merking på at breiflabben nok vandrar sørover til gyteområde og såleis bidrar til nye årsklassar. Det vil difor av fleire grunnar ikkje vere riktig å fiske ut breiflabben nord for Stad i påvente av neste rekrutteringspuls, men kva tiltak som vil vere passande overlet vi til Fiskeridirektoratet å vurdere. Bestandsansvarleg Otte Bjelland og underteikna vil gjerne bistå Direktoratet i slike vurderingar fram til Reguleringsmøtet.

Fiskeridirektoratet bør vurdere å ta inn breiflabb i forvaltningstabellen for 2016. Breiflabbressursen langs norskekysten, både nord og sør for Stad, er nok avhengig av god forvaltning i EU og norsk del av Nordsjøen. Tidlegare merkeforsøk bør oppsummerast, og evt. nye gjennomførast. Genetiske analyser bør også med fordel gjennomførast.

19. mai 2015, Kjell Nedreaas, Havforskningsinstituttet, medlem av ICES AFWG

Table 1. Nominal catch (t) of Anglerfish in ICES Subareas I and II, 1996–2014, as officially reported to ICES

	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014*
Denmark	+	+	+	+	2	+	-	1	-	-	-	-	+	-	-	-	-	-
Faroes	+	+	+	-	1	1	2	5	11	4	7	4	2	1	+	+	1	+
France	-	-	-	-	-	-	-	-	-	1	-	-	-	-	1	3	2	-
Germany	20	53	4	17	65	59	55	70	55	+	+	0	+	82	70	0	-	+
Iceland	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	7	-	-	-
Norway	576	1489	1733	2952	3554	2000	2405	2907	2650	4257	4470	4007	4298	5391	5031	3758	2988	1655
Portugal	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	2	6	1	+	-	-	-
UK	5	7	6	30	2	11	15	18	19	86	114	138	152	40	3	3	111	2
Others																1	1	-
Total	601	1549	1743	2999	3624	2071	2477	3001	2735	4348	4591	4151	4458	5515	5112	3765	3103	1657

*Preliminary




Figure 1. Norwegian official landings (in tonnes) of anglerfish (*Lophius piscatorius*) per statistical area (see Fig. 10.1) within ICES areas I and II during 1992-2014. Norwegian landings from the area south of 62°N (ICES IV and III) are shown for comparison.




Figure 2. Anglerfish in Subarea I and II. Mean lengths for anglerfish caught in the directed coastal gillnetting in Division IIa during 1992-2014, dotted lines represents $\pm 2SE$ of the mean. Note that data are lacking for 1997-2001.




Figure 3. Relative (to the 2005-2010 average) CPUE (kg per gillnet day) of anglerfish for two vessels (A and B) in the Norwegian reference fleet in ICES Subarea IIa, and the corresponding fishing effort. Note that vessel B (northern area) stopped fishing in 2014 due to low catch rates.




Figure 4. CPUE and fishing effort - 3 year running average of gillnet soaking days per year and area and CPUE for the entire Norwegian Coastal Reference fleet fishing anglerfish in ICES Subarea IIa.